

TRYGVE ØKSNES  
FOSSE 1  
5919 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	24.04.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/58805-1
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## **Førehandsvarsel - mogleg ulovleg avkøyrslе - fv. 5308 Melandsvegen - gnr. 314 bnr. 10 - Alver kommune**

Vi kontaktar deg som eigar av gnr. 314 bnr. 10 i Alver kommune

### **Bakgrunn**

Vi har registrert at det er etablert ny avkøyrslе frå fylkesveg 5308 Melandsvegen til eigedomen din, gnr. 314 bnr. 10 i Alver kommune. Vi registrer også at det er lagt nye røyr i grøft langs vegen her, og vi ber om at det også vert sendt inn dokumentasjon på desse.

Ny avkøyrslе kan berre lovleg etablerast i samsvar med godkjent reguleringsplan eller etter godkjent søknad.

Veglova [§40](#)

«Avkøyrslе frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkøyrslе, må avkøyrslе frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkøyrslе frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner».

Vi kan ikkje sjå at avkøyrsla nemnd ovanfor fyller krava i veglova [§ 40](#) då den ikkje er regulert/omsøkt og godkjent/bygga i samsvar med plan/vedtak eller teknisk krav til utforming.

For grave- og framføringsløyve for arbeid som inneber graving, legging, flytting, reparasjon og fjerning av kablar og leidningar over, under og langs fylkesveg kjem dette inn under leidningsforskrifta og veglova §§ 32 og 57. Søknadsplikta dekkjer fylkeskommunen sitt eigedomsområde og alltid området innanfor 3 meter frå vegkant, uavhengig av kven som er grunneigar.

Før vi treff vedtak om mogleg sanksjonar i saka ber vi deg om tilbakemelding på om du har nødvendige løyver på arbeidet som er utført jf. forvaltningslova [§16](#).

**Pålegg om stenging**

Dersom vi ikkje mottok dokumentasjon på at avkøyrsla er lovleg etablert og/eller bygd, vil vi pålegge deg å fjerne/stenge avkøyrsla.

Vi gjer merksam på at Vestland fylkeskommune som eigar av fylkesveg 5308 Melandsvegen kan fjerne avkøyrsla for di rekning dersom du sjølv ikkje stenger avkøyrsla etter at du har fått eit slikt pålegg, jf. veglova [§42](#).

**Søknad om løyve til avkøyrsla**

Dersom omtalte avkøyrsla ikkje er lovleg kan det søkjast om løyve. Dersom det er ynskje om å nytte avkøyrsla medan søknaden vert handsama må det søkjast særskilt om dette.

- Du finn informasjon om søknadsprosessen her: [Søknad om avkøyrsla - Vestland fylkeskommune](#)

**Svarfrist**

Tilbakemelding kan sendast til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Vi gjev ein frist på tilbakemelding 2 veker frå brevet er motteke.

Med helsing

**Linda Hjelmeland**

fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG